

Regelverket for innvandring som UDI handhevar, er politisk bestemt

Av: Øystein Tonstad Leknes, fungerande direktør i UDI Opphold

Forholdet mellom visumregelverket og norsk utviklingspolitikk er ikkje noko vi kan svare for.

Seniorforskar Marte Nilsen ved Institutt for fredsforskning (Prio), er i [eit innlegg i Aftenposten 10. juli kritisk til UDI si handtering av visumsøknadar frå land vi har eit utviklingspolitisk samarbeid med](#). Innlegget fortel om ein sommarskulestudent som har fått avslag. Vi svarer her på generelt grunnlag, ikkje på den einskilde saka.

Regelverket for innvandring som UDI handhever, er politisk bestemt. Noreg er dessutan med i Schengen-samarbeidet, og behandling av søknadar om besøksvisum er i all hovudsak basert på regelverk som er felles for alle Schengen-landa. Ifølgje EU skjer det meste av irregulær innvandring til EU ved at besøkande blir igjen når visumet går ut. I samsvar med Schengen-regelverket må vi avslå søknadar om besøksvisum der det er rimeleg tvil om søkaren vil forlate Schengen-området før visumet går ut.

For å vurdere dette, ser vi både på den generelle situasjonen i heimlandet til søkaren og søkaren sin individuelle situasjon der. UDI har retningslinjer for fire ulike landgrupper – grøn, gul, oransje og raud. Inndelinga i desse gruppene er basert på økonomiske, sosiale og politiske forhold, og tek utgangspunkt i statistikk om tredjelandsborgarar som er ulovleg i EU, tal på asylsøknadar i Noreg og EU, samt FNs leveårsindeks.

Land i raud gruppe er økonomisk og politisk ustabile og har ofte eit høgt konfliktnivå. På grunn av dette, meiner UDI det finst eit generelt grunnlag for å tvile på om personar frå desse landa vil reise heim igjen før visumperioden går ut.

Når det gjeld den individuelle vurderinga, baserer den seg på kor sterk tilknytning den einskilde søkaren kan dokumentere å ha til heimlandet. Relevante moment er til dømes om personen har ektefelle og barn i heimlandet, arbeid, eigedom og god økonomi.

Vi har forståing for dei utfordringane forskaren står overfor knytte til pågåande samarbeidsprosjekt, men forholdet mellom visumregelverket og norsk utviklingspolitikk er eit politisk spørsmål som UDI ikkje kan svare for.